

ÅRSMELDING 2024

DNT SOGN OG FJORDANE



Spente jenter frå prosjektet «Unge Naturjenter» er klar for grunnleggjande turleiarkurs på Fuglesteg, DNT hytta til Luster Turlag. Vertinnedamene ynskjer gruppa velkommen!

Innhald

TILLITSVALDE OG TILSETTE DNT SOGN OG FJORDANE 2024	3
Styreleiar om 2024.....	4
Medlemsutvikling DNT Sogn og Fjordane	5
Styret & administrasjonen sitt arbeid i 2024:.....	6
Prioriterte oppgåver:	6
Fordeling av arbeidsområde administrasjonen i DNT SF:.....	6
Medie- og kommunikasjon	7
Årsmøte 2024	7
Fellesmøte 2024	7
Årsmelding Naturvernutvalet 2024.....	9
Prosjektarbeid: «Eg gjekk ein tur på stien»	10
Prosjektarbeid: Mangfald- og inkludering.....	11
Unge Naturjenter:.....	11
Unge Naturtalenter:.....	12
Friluftsliv tilrettelagt for utviklingshemmede (FTU).....	13
Barnas Turlag:	14
UTDRAG FRÅ VÅRE LOKALLAG	15
Aurland turlag:	15
Balestrand og Høyanger turlag.....	15
Flora turlag.....	16
Indre Nordfjord turlag.....	16
Indre Sunnfjord turlag.....	17
Keipen turlag.....	17
Luster turlag.....	18
Lærdal turlag.....	18
Midtre Nordfjord turlag	19
Sogndal turlag	19
Vik turlag.....	20
Ytre Nordfjord turlag.....	20
Ytre Sogn turlag.....	21
Årdal turlag	21
STATISTIKK	22
TAL MEDLEMER, TURAR/ARRANGEMENT OG DELTAKARAR 2024.....	22
TAL PERSONAR MED TURLEIARUTDANNING pr 2024.....	23
HYTTESTATISTIKK 2024.....	24
Vi takkar våre partnarar for godt samarbeid i 2024!.....	25
ØKONOMI	26

TILLITSVALDE OG TILSETTE DNT SOGN OG FJORDANE 2024

Styret:

Leiar:	Siv Merete Stadheim	FT	siv.merete.stadheim@avinor.no / 90024795
Nestleiar:	Karen Weichert	VT	karen.weichert@sogn.no / 90534102
Styremedlem:	Jarle Aarvoll	ST	aarvoll@hotmail.com / 90822420
Styremedlem:	Trond Øyen Einemo	LæT	toe@metopro.no / 916 20 086
Styremedlem:	Bente Sunde	INT	bentesunde@hotmail.com / 47646560
Varamedlem 1:	Tina Løkke Vie	MNT	tinalvie@hotmail.com / 95869288
Varamedlem 2:	Tom Dybwad	ST	tojady@hotmail.com / 97523411
Varamedlem 3:	Per Tore Meier	IST	per.tore.meier@gmail.com / 41505600

Kurs- og Fjellsportutval (KFU):

Leiar:	Vigdis F. Kvamme	IST	vigdis.kvamme@eninvest.net / 48106362
Medlem:	Rune Valsvik	ÅT	rune.valsvik@gmail.com / 41617528
Medlem:	Jon Arne Kvåle	VT	jonar-k@online.no / 48109199
Varamedlem:	Jannike Brenden Frøyen	KP	keipenturlag@gmail.com / 90164788

Naturvernutval:

Leiar:	Magnus Frøyen	FT	magnus@svanoy.com / 90145316
Medlem:	Siri Ingvaldsen	IST	ingvaldsen.siri@gmail.com
Medlem:	Anita Taftø	BHT	anita.tafto@hoyanger.kommune.no / 99312587
Varamedlem:	Jørund Nygård	KT	jorund.nygaard@gmail.com / 909 43 882

Valnemnd:

Leiar:	Ron Overdevest	YST	rono@online.no / 97674654
Medlem:	Siv Solheim	INT	sif.sol@gmail.com / 97139675
Medlem:	Silje Marita Vallestad	YNT	silje_@hotmail.com / 90193975

Administrasjon:

100%	Hanne Karin Bruaas (slutta 31.09.24)	hanne.bruaas@dnt.no
50 %	Hege Mundal	hege.mundal@dnt.no
40 %	Gry Thyrrestrup	gry.thyrrestrup@dnt.no

Rekneskapsfører: DNT Økonomiringen

Intern revisor DNT SF: Knut Furu Strømmen

Styreleiar om 2024

DNT Sogn og Fjordane kan sjå tilbake på eit aktivt turår i 2024

Totalt har vi gjennomført om lag 530 turar og godt over 12.000 deltakarar har vore med oss på ein eller fleire av turane våre.

Mange lokallag har òg populære «turtrimmar», eit tiltak som skaper engasjement og det ligg god helse i «kvart eit steg».

Stiutvikling og merking er noko våre frivillige har eit brennande engasjement for. Det er særleg positivt at vi i år fekk finansiert «Eg gjekk ein tur på stien». Eit prosjekt som Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har tildelt kr 20 millionar til, og i tillegg vil ein få spelemidlar samt lokalt næringsliv og dugnadsinnsats. Stiutvikling og merking er eit tiltak som vil gi oss meir bulyst, meir folkehelse, fleire turopplevingar og ikkje minst ein prosjekt der vi samarbeider på tvers mellom frivillighet, næringsliv og kommunar/fylkeskommune.



Under fellesmøte vårt i haust hadde vi risiko og sikkerheit som hovudtema. Vi har eit mangfaldig tilbod og vi er svært opptekne av at alle som nyttar våre tilbod skal verte godt ivaretekne.

Barnas turlag (BT) er ein aktivitet som vi har i alle våre lokale turlag. Dette er ei svært viktig gruppe for oss og ei gruppe som er framtida vår.

Dei siste åra har vi fått tildelt rammegåvemedlar frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Dei tildelte midlane vert fordelt av DNT Sogn og Fjordane etter søknad frå lokallaga. Det er svært gledeleg å sjå aktiviteten og prosjekta som er i gang i våre lokallag, der gåvemedlane har vert eit viktig bidrag i det arbeidet.

Mangfald og inkludering har vore eit av våre satsingsområde. I år hadde vi første gjengen med på «Unge Naturjenter» ein gjeng som fekk mange flotte utfordringar og opplevingar, og tilbakemeldingane har vore svært positive.

I 2025 er det Friluftslivets år. Utanforskapet er ei større og større utfordring i landet vårt. I ei slik tid kan friluftsliv utgjere ein skilnad. Gjennom å verte invitert med på ein dugnad eller på ein tur kan vi bidra til at andre opplever meistring og samhald. Det betyr noko for kvart enkelt sitt liv.

Vi vil takke alle frivillige som brukar av dykkar fritid for at andre skal få oppleve glede med friluftslivet. Summen av alt dette er den fantastiske turaktiviteten vi har i Sogn og Fjordane.

Vi ynskjer å takke alle våre 7989 medlemmar for bidraget til vårt arbeid. Vi set stor pris på medlemskapet og vi har god plass til fleire frivillige.


DNT Sogn og Fjordane vil og takke samarbeidspartar, næringsliv, kommunar- og fylkeskommunen, samt lokallaga våre, administrasjonen og DNT for eit godt samarbeid i 2024.

Til slutt vil eg gjerne få takke for seks flotte år som styreleiar. God samarbeid med våre 14 engasjerte lokallag, administrasjon, styret samt andre medlemsforeiningar og DNT sentralt. Vil også takke alle våre gode samarbeidspartar for bidrag og utvikling av vårt arbeid. Ynskjer det nye styre lukke til med vidare innsats for friluftslivet i DNT Sogn og Fjordane!

Siv Merete Stadheim

Styreleiar DNT Sogn og Fjordane

Medlemsutvikling DNT Sogn og Fjordane



Per 31. august 2024 hadde DNT Sogn og Fjordane 7989 medlemmar, omtrent det same som året før. Foreininga er ein del av Den Norske Turstforening og har sitt nedslagsfelt i det tidlegare Sogn og Fjordane fylke.

DNT Sogn og Fjordane samarbeider med og støttar dei 14 lokale turlaga i regionen, som til saman dekker alle kommunane. Vi arrangerer kurs, samlingar og møter, og fungerer som kontaktpunkt mot styresmakter, samarbeidspartnarar og DNT sentralt.

Medlemmene er registrerte i lokallaga, som er sjølvstendige juridiske einingar med organisasjonsnummer, styre, årsmøte og eigen økonomi. Turlaga driv med merking og vedlikehald av stiar, hyttedrift og eit breitt spekter av aktivitetar for alle aldersgrupper. Mange har egne undergrupper, som til dømes Barnas Turlag, Gå-lag, padlegruppe, fjellsportgruppe, DNT-ung, tilbod for personar med funksjonsvariasjonar eller andre spesialtilpassa aktivitetar.

Tilbodet er variert, og her kan dei fleste finne noko som passar for seg. Vi takkar dei lokale turlaga for den enorme dugnadsinnsatsen som kvart år vert lagt ned for friluftslivet!



Styret & administrasjonen sitt arbeid i 2024:

Styret har gjennomført 6 styremøte og handsama 35 saker. Fire av styremøta vart gjennomførte digitalt, medan to møter fann stad fysisk på høvesvis Thon Hotell Skei og Thon Hotell Førde. Vi gjennomførte årsmøte på Skei 16.mars og Fellesmøte i Førde 2.og 3.november.

Prioriterte oppgåver:

- **Strategiarbeid:** DNT sentralt har forlenga sin strategiperiode frå 2019–2023 til 2019–2025. Styret vedtok å føreslå for årsmøtet at også DNT Sogn og Fjordane forlenger sin strategiperiode ut 2025.
- **Implementering av nye IT-system:** DNT har innført fleire nye digitale system i 2023 og 2024 som skal erstatte *Sherpa*, det tidlegare verktøyet for aktivitetar, tryggleikshandtering, kompetanseregister og nettsider.
- **Turleiarkurs og tryggleik:** Auka fokus på opplæring og tryggleik for turleiarar.
- **Medlemskapsavtale med DNT:** DNT Sogn og Fjordane har ikkje signert den nye medlemskapsavtalen enno, då det står att avklaringar knytt til at DNT Oslo og Omegn har hytter og stiar i vårt medlemsområde. Vi ønskjer ein tydeleg avtale mellom DNT Oslo og Omegn og DNT Sogn og Fjordane for å regulere samarbeidet i desse områda.
- **Forvaltning av gåvemidlarordninga frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.**
- **Prosjektet *Eg gjekk ein tur på stien*** – igangsetting og søknadsbehandling.
- **DNT ung:** Arbeid med å støtte og oppmode til lokale campar, samt søknader om midlar til campar i 2024. I tillegg har prosjektet *Unge Naturjenter* (mangfald og inkludering) vore eit satsingsområde, med plan om 8–10 samlingar.
- **Barnas Turlag:** Oppfølging og støtte til lokale Barnas Turlag.
- **Naturvern:** Legge til rette for at DNT sitt arbeid er i tråd med retningslinjer og anbefalingar. Ta stilling til høyringar saman med FNF.
- **Medie- og kommunikasjon**
- **Rekruttering av ny organisasjonssekretær for DNT Sogn og Fjordane.**

Fordeling av arbeidsområde administrasjonen i DNT SF:

- **Hanne Bruaas** var tilsett i 100 % stilling som organisasjonssekretær fram til september. Ho hadde ansvar for dagleg drift av kontoret, økonomi, organisasjonsarbeid og sekretærfunksjon for styret. I tillegg var ho kontaktpunkt og støtte for dei 14 lokale turlaga, samt bindeledd mot DNT sentralt, samarbeidspartnarar og offentlege instansar. Arbeidet omfatta òg medlemsrekruttering, marknadsføring, kurs, møter, søknadsarbeid og rapportering.
- **Hege Mundal** var tilsett i 50 % stilling som organisasjonsmedarbeidar (i samarbeid med Indre Sunnfjord Turlag). Hege hadde hovudansvar for Barnas Turlag og prosjektleiing innan mangfald og inkludering. Ho bidreg òg med dagleg drift, mellom anna i sosiale medium og implementering av dei nye DNT-systema (*Aktivitetar*, *DNT Trygg*, *heimeside* og *Frivilligsystemet*).
- **Gry Thyrrerstrup** var tilsett i 40 % stilling som organisasjonssekretær (i samarbeid med Sogndal/Luster Turlag). Ho er prosjektleiar for *Eg gjekk ein tur på stien*.
- **Frå september til nyttår** delte styret og administrasjonen på oppgåver Hanne tidlegare hadde for å halde drifta i gang.

Medie- og kommunikasjon

Kommunikasjonsarbeidet i DNT Sogn og Fjordane skal gjere turlaga sine tilbod synlege og tilgjengelege på ein attraktiv måte som når flest mogeleg, samtidig som det løftar fram verdien av natur og friluftsliv. DNT Sogn og Fjordane har ein marknadsføringsplan med ein eigen kalender for sosiale medium, som omfattar både organisk innhald og betalt annonsering. I 2024 vart marknadsføring av turar og aktivitetar i lokallaga utelukkande gjennomført digitalt. Det vart sendt ut 2 nyheitsbrev på e-post frå DNT Sogn og Fjordane.

Informasjon finn du på vår **nettside** (dnt.no/sognogfjordane) og våre kanalar i sosiale medium: **Facebook** (DNT Sogn og Fjordane, DNT Ung Sogn og Fjordane) og **Instagram** (@dnt_sognogfjordane, @dntungsognogfjordane). Alle lokallag har eigne nettsider og Facebook-sider, og dei fleste Barnas Turlag annonserer sine aktivitetar på Facebook. Dette bidreg til å synleggjere det breie tilbodet i vårt område.

Årsmøte 2024

Årsmøtet for DNT Sogn og Fjordane vart halde på Thon Hotell Skei den 16. mars, med 36 deltakarar, der 27 var røysteføre.

På møtet vart vanlege årsmøtesaker handsama, inkludert godkjenning av årsmelding, rekneskap og budsjett. Strategiperioden for DNT Sogn og Fjordane vart forlenga ut 2025, og handlingsplanen for 2024 vart vedteken. Det vart òg gjennomført val av styremedlemmer, der nye representantar vart valt inn. Kontingenten for 2024 vart sett til 70 kroner per enkeltmedlem og 8 kroner per medlem for digital marknadsføring av aktivitetskalendar.



Styrerepresentantar 2024

Fellesmøte 2024

Fellesmøtet vart arrangert i Førde 2.–3. november, med deltaking frå 12 av 14 lokallag, samt styret, administrasjonen og utvalsleiarar. Møtet starta med ei velkomsthelsing frå Ingebjørg Erikstad på vegner av Indre Sunnfjord Turlag, før eit variert program med faglege innlegg og diskusjonar.

Hovudtema:

- **Sikkerheit ved aktivitet:** Anne Mari Planke (DNT Sentralt) orienterte om ansvar, reglar og verktøy for sikkerheitsarbeid. Diskusjonen omfatta skilting, turleiarutdanning og bruk av digitale verktøy for risikovurdering.
- **Beredskapsplanar:** Siv Merete Stadheim presenterte DNT Sogn og Fjordane sin beredskapsplan, og lokallaga vart oppmoda til å utarbeide eigne planar.
- **Digitale system:** Markus Mordtvedt (DNT Sentralt) informerte om oppdateringar i frivillig- og kompetansesystema. Lokallaga bør peike ut administratorar for desse.

- **Friluftsliv og naturforvaltning:** Tom Dybwad presenterte tiltak for betre tilrettelegging i naturen.
- **Medlems- og frivilligarbeid:** Det er stabil medlemsmasse, men utfordringar med å rekruttere unge og frivillige. Tiltak inkluderer meir synleggjering, sosiale aktivitetar og konkrete oppgåver for frivillige.
- **Unge Naturtalenter og DNT Ung:** Rekruttering av ungdom er utfordrande grunna fråflytting og ressursbehov. Det vart uttrykt ønskje om vidare satsing på programmet, med tilpassingar til mindre geografiske område.
- **Friluftslivets år 2025:** Lokallaga skal markere året gjennom lågterskeltilbod, samarbeid med lokale aktørar og auka synlegheit i sosiale medium.
- **Modelvedtekter og strategiar:** Lokallaga vart oppmoda til å gjennomgå nye vedtekter og bidra til strategiar som speglar deira behov.

Oppsummering:

Fellesmøtet stadfesta eit felles fokus på å styrke medlems- og frivilligarbeid, gjennomføre målretta aktivitetar og sikre god informasjonsflyt mellom lokallaga og fylkeslaget.



Vind og tåke då deltakarane på Fellesmøte skulle på tur til Nordre Heia, ein sti IST har arbeidd med å tilretteleggje



Tom Dybwald baud på musikalt innslag under fellesmiddag.

ÅRSMELDING KURS- OG FJELLSPORTUTVALET 2024

Kurs- og Fjellsportutvalet i DNT Sogn og Fjordane fungerer som rådgjevar og pådrivar for kurs og fjellsport i regionen. Utvalet har solid kompetanse på feltet og planlegg kurs i samarbeid med administrasjonen. Leiaren deltek fast på styremøta i DNT Sogn og Fjordane.

DNT Sogn og Fjordane har eit sterkt fokus på utdanning av turleiarar innan DNT-systemet, og kursa våre har god deltaking kvart år. Dette styrkar tryggleiken for deltakarane på turar i vår region.

I 2024 har vi arrangert fleire kurs og hatt både digitale møter på Teams og eitt fysisk møte. I tillegg til kursa vi har arrangert sjølv i regionen har Jannike vore kursleiar hjå Voss Utferdslag og Vigdis hjå DNT Sunnmøre.

Desse kursa vart sett opp og gjennomført av utvalet i 2024:

- 3-dagars NF grunnkurs skred, Jostedalen
29.februar- 3.mars, 6 deltakarar
- Grunnleggjande turleiarkurs, Skongenes fyr
09.- 10.mars, 9 deltakarar
- Toppturkurs, Jostedalen
22.- 24.mars, 5 deltakarar
- Del 2 av sommarturleiarkurs
26.- 28.april, 9 deltakarar
- Grunnleggjande turleiarkurs for Unge Naturjenter
1.-2.juni, 10 deltakarar.
- NF grunnkurs førstehjelp, Langeland
5.-7.april, 12 deltakarar
- Digitalt stikurs for fotruter
18.april, 25 deltakarar
- Våttkort livredning
28.september, 9 deltakarar
- Grunnleggjande turleiarkurs, Tungestølen
4.- 6. oktober, 14 deltakarar



NF Grunnkurs Førstehjelp



Nye turleiarar etter grunnleggjande turleiarkurs på Tungestølen



Skredkurs, øving med søkestang

Årsmelding Naturvernutvalet 2024

Utvalet har hatt eit møte på Teams elles har ein ikkje hatt eigne møter i naturvernutvalet. Arbeidet som har vore gjort er i hovudsak gjennom Forum for Natur- og friluftsliv (FNF) og ein har kommunisert i utvalet på e-post i høve saker som har vore handsama der. FNF-koordinatoren som har kontor i Førde vart tidleg på året sjukmeldt og aktiviteten der noko redusert grunna dette. Etter ei tid kom det på plass vikar i stillinga. Vikaren er lokalisert i ein annan del av landet og alle møter i FNF i 2024 har difor vore på Teams. Det har likevel vore arbeid bra og gjeve fråsegn i ein del saker. Utvalsleiar var med på FNF si landsamling på Jevnaker 4. – 5. desember og har delteke på nokre av styremøta i DNT Sogn og Fjordane og på styremøta til FNF.

Gjennom FNF har ein i 2024 gjeve uttale i desse sakene:

31.10.2024	Fråsegn til områderegulering ved på Holmaneset til hydrogen/ammoniakkfabrikk, Bremanger kommune.
23.09.2024	Klage på løyve etter forureiningslova til anleggsarbeid i sjø i Førdefjorden, Sunnfjord kommune
20.09.2024	Høringsuttalelse til forslag til endringer i spillemiddelordningen for anlegg til idrett og fysisk aktivitet
16.09.2024	Utviklingsplan for Vestland fylkeskommune
11.04.2024	Fråsegn til Selselva kraftverk – søknad om økt sluksevne og regulering av Selsvatnet i Sunnfjord kommune
04.04.2024	Fråsegn til Statnett i samband med KVV for lineforsterkning i Indre Sogn
31.03.2024	Fråsegn til vilkårsrevisjon av Aurlandsvassdraget
22.03.2024	Fråsegn mot utbygging av Måsholmen i Kinn kommune
18.03.2024	Fråsegn mot utfylling i sjø på Skårastranda i Måløy
04.02.2024	Fråsegn til frivillig skogvern på Svanøya i Kinn kommune

Prosjektarbeid: «Eg gjekk ein tur på stien»

I 2024 starta DNT Sogn og Fjordane opp det fireårige prosjektet «Eg gjekk ein tur på stien», støtta av Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Målet med prosjektet er å utvikle og vedlikehalde turruter i heile regionen for å fremje folkehelse, livskvalitet og bulyst gjennom berekraftig friluftsliv. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har løyvd 20 millionar til prosjektet, og Gry Thyrrestrup er tilsett som prosjektleiar for DNT Sogn og Fjordane. I den første tildelingsrunden i november 2024 vart 1,3 millionar kroner fordelt på fem prosjekt i kommunane Sogndal, Stad og Askvoll. Det vert to nye søknadsrundar og fleire kurs/seminar i 2025.

Prosjektarbeid: Mangfald- og inkludering

DNT Sogn og Fjordane fekk i 2022 og 2023 innvilga prosjektmidlar frå Lotteri- og Stiftelsestilsynet. Midlane var øyremerkte utvikling av tilbodet FTU (Friluftsliv tilrettelagt for utviklingshemma) og friluftskompetanse for unge jenter med minoritetsbakgrunn.

For å drive prosjektet vart Hege Mundal tilsett i mars 2023. Det første året vart nytta til å teste ulike tilnærmingar og hente erfaringar frå andre aktørar i DNT som jobbar med mangfald og inkludering. Gjennom dette arbeidet vart det tydeleg at konseptet «Unge naturjenter» hadde stort potensial, og oppstart vart planlagt til januar 2024.

Ettersom midlane måtte nyttast innan utgangen av 2024, vart det også oppretta eit parallelt prosjekt, «Unge naturtalenter», som følgjer skuleåret 2024/2025. Prosjekta har til saman gitt mange ungdomar personleg vekst og utvikling, samstundes som dei har bidratt til auka merksemd rundt DNT ung og vårt arbeid med inkludering.

Ved årsskiftet 2024 var ikkje alle prosjektmidlane nytta, og eit beløp på kr 509 270 vil bli tilbakebetalt til Lotteri- og Stiftelsestilsynet.

Unge Naturjenter:



Unge Naturjenter var eit årslangt program designa for å gi deltakarane brei erfaring med friluftsliv og ei solid innføring i turleiarrolla. Programmet la vekt på personleg utvikling, sosial kompetanse, samarbeid og praktiske ferdigheiter.

Første samling vart gjennomført i februar 2024, og programmet blei avslutta med ein minnerik tur til Nipebu i november. Av dei tolv jentene som starta, fullførte elleve, og deltakinga varierte mellom alle samlingane eller berre delar av opplegget. Deltakarane kom frå heile regionen, inkludert Askvoll, Fjaler, Sunnfjord, Kinn, Sogndal og Luster.

Med låg terskel for deltaking, og utan krav til forkunnskapar, fekk jentene starte frå grunnleggjande nivå og utvikle seg i tråd med DNT sin turleiarstige. Programmet inneheldt ei rekke kurs, aktivitetar og sertifiseringar som rusta dei til å leie turar og inspirere andre til friluftsglede.

Deltakarane gjennomførte:

- Ferskingkurs med overnatting (DNT): Innføring i turbekledning, pakking av sekk, allemannsretten, bål og primus, leirplass, turplanlegging og kart- og kompass.
- 16-timar grunnkurs førstehjelp i friluftsliv (NF).
- Grunnkurs havkajakk (NPF).
- Grunnleggende turleiarkurs (DNT).
- Klassisk fellestur med DNT.
- Brevandring.
- Dagskurs i skred som del av toppturkurs (NF).
- Klatring, brattkort/topptau (NKF).
- Dialogmodulen – kommunikasjon og samarbeid.
- Avslutningstur: Deltakarane planla og gjennomførte sjølv.



Resultat og vidare arbeid:

Programmet har hatt stor suksess med å inspirere og utruste deltakarane til å ta på seg frivillige roller og leie turar i DNT ung. Sjølv om ikkje alle vert med vidare som frivillige no, håpar vi dei tek med seg det dei har lært og kjem styrka ut av året. I 2025 ser vi fram til oppstart av DNT ung Sunnfjord og håpar samtidig å revitalisere DNT ung i Sogndal/Luster, som har hatt låg aktivitet dei siste åra. Gjennom opplevingar, meistring og læring har desse unge naturjentene fått med seg verdifulle verktøy for å vidareføre friluftsglede og engasjement i lokalsamfunnet.

Unge Naturtalenter:

Planlegginga og marknadsføringa av Unge Naturtalenter for skuleåret 2024/2025 starta i mai og juni. Denne gongen inviterte vi både jenter og gutar til å søkje, og etter sommaren hadde vi 12 søkarar. Alle fekk tilbod om å delta, men diverre trakk fleire seg før eller etter den første samlinga. Programmet har no sju deltakarar igjen, av desse er berre to jenter.

Vi er heldige å ha eit godt samarbeid med ungdomskjellaren i Sogndal, som gir nokre av gutane med innvandrabakgrunn ekstra oppfølging mellom samlingane. I tillegg har vi engasjert Ingeborg Kvåle Bruflot som følgeperson. Ho sørgjer for kontinuitet og støttar deltakarane i deira utvikling.

I løpet av hausten 2024 har deltakarane gjennomført:

- Ferskingkurs m/overnatting i lavvo
- Skogstur m/overnatting i hengekøye
- NF grunnkurs førstehjelp
- Brattkort-kurs



Deltakarane er motiverte for resten av programmet. På grunn av lågt tal på jenter har vi gjort tilpassingar for våren 2025, inkludert å invitere jenter frå tidlegare kull til å delta på samlingar dei ikkje fekk fullført. I tillegg opnar vi enkelte arrangement for ålmenta, for å skape eit breiare engasjement.

Vegen vidare

Vi vurderer at den låge søkjarmengda kan delvis skuldast søknadsperioden, som gjekk over sommarferien. Om vi får midlar til neste kull (2025/2026) ynskjer vi å ha søknadsperioden tidleg på hausten, slik at vi kan oppretthalde kontakten med skular og ressurspersonar som arbeider med ungdom i kommunane.

Unge Naturtalenter er eit verdifullt program som utviklar kompetanse og engasjement hos ungdom, og vi ser fram til å fortsetje med nye tiltak for å styrke både rekrutteringa og gjennomføringa i framtida.



Friluftsliv tilrettelagt for utviklingshemmede (FTU)

I 2024 var det god aktivitet i dei etablerte FTU-gruppene under lokallaga i DNT Sogn og Fjordane, med særleg aktivitet i Årdal, Luster og Sunnfjord. Diverre var det ikkje aktivitet i FTU-gruppa i Sogndal dette året, men vi håpar denne kan blomstre opp att i framtida.

Ei av dei største utfordringane med å drive FTU-grupper eller starte nye, er behovet for frivillige som kan engasjere seg og ta ansvar for aktivitetane. Dette er ikkje noko som kan påleggjast lokallaga, då dei allereie har mykje arbeid å handtere.

Frå administrasjonen i DNT Sogn og Fjordane vart det i løpet av året sendt ut førespurnader til lokale lag i Norsk Forbund for Utviklingshemmede (NFU) for å kartleggje interessa for å starte opp nye FTU-grupper i deira område. Responsen var positiv frå fleire lag, men diverre mangla det frivillige som kunne ta på seg ansvaret for oppstart.

Mot slutten av året kom ei svært gledeleg melding frå Vik Turlag, som i samarbeid med frivilligsentralen i Vik har uttrykt eit ønske om å starte opp eit FTU-tilbod frå 2025.

Administrasjonen i DNT Sogn og Fjordane har støtta opp med oppstartsmidlar frå mangfald- og inkluderingsprosjektet og hjelp til å setje opp kurs, slik at dei kan kome godt i gong.



Vi ser fram til å følgje vidare utvikling i dei etablerte gruppene og ønskjer nye grupper velkomne til fellesskapet i åra som kjem.

Barnas Turlag:

Barnas Turlag er ein god arena for mange sitt første møte med DNT, det enkle friluftslivet og ei sterk kjensle av fellesskap. Med gratis og opne arrangement er Barnas Turlag òg ein inkluderande plattform som inviterer personar med innvandrar- og flyktningbakgrunn til å bli med. Vi har i løpet av året sett fleire gode døme på samarbeid mellom Barnas Turlag og organisasjonar som flyktningtenesta, frivilligsentralar, BUA og Røde Kors. Slike samarbeid bidreg til større, meir inkluderande arrangement.

I 2023 var det 21 aktive Barnas Turlag i vårt dekningsområde. To gongar i året er Barnas Turlag med å arrangere Kom Deg Ut- Dagen, Norges nasjonale turdag. Denne dagen tilbyr DNT ei rekke gratis friluftaktivitetar over heile landet, med mål om å inspirere familiar og andre til å oppleve naturen i sitt nærområde. Totalt har Barnas Turlag har arrangert kring 130 arrangement med til saman 5000 deltakarar i 2024. Nokre av lokallaga har opplevd utfordringar knytt til få frivillige: BT Vågsøy, BT Kyrkjebø og BT Fosseheimen – Gaular hadde ingen aktivitet i 2024, men det ser lovande ut for ei oppstart i 2025. Aurland Turlag har avslutta sitt Barnas Turlag, men har framleis aktivitetar for barn gjennom det ordinære turprogrammet.

DNT Sogn og Fjordane har arbeidd aktivt for å styrke tilknytninga til frivillige i Barnas Turlag, med varierte resultat. Fleire frivillige har delteke på grunnleggjande turleiarkurs, og ein har etablert direkte kommunikasjon mellom Barnas Turlag-representantar og Hege i administrasjonen.

For å auke motivasjonen og bygge kompetanse blei det planlagt ei større inspirasjonssamling i Førde siste helga i september. Programmet skulle inkludere erfaringsutveksling, aktivitetsleiarkurs, våttkort livredning og eit inspirerande føredrag med Tyritroll. På grunn av få påmeldingar (frå berre to Barnas Turlag) blei delar av samlinga avlyst. Våttkort livredning og føredraget gjekk likevel som planlagt.

Vi håpar å finne nye, treffsikre måtar å styrke kompetansen og fellesskapet blant dei frivillige i Barnas Turlag i 2025.



Pizza i det fri! BT Leikanger



Nissemarsj i Selje, kring 70 born!



Stand og aktivitetar for born under marknadsdag i Årdal

UTDRAG FRÅ VÅRE LOKALLAG

Aurland turlag:

Skipa: 2012

Tal medlemmar: 168

Hytter: 0

Tal sengeplassar: 0

Kilometer merka stiar: 0

Tal dugnadstimar: 1024



Middagsholten med utsyn over fjordlandskapet i Sogn

Glimt frå 2024: Aurland

Turlag har fått rom i Hopastova for oppbevaring av turutstyr. Medlemmer har deltatt på ulike kurs og møter utanfor Aurland, inkludert digitale ambassadørkurs og turleiarkurs. Turlaget har ikkje klart å få til ungdomssatsing, men vurderer aktivitetar i samarbeid med Røde Kors og idrettslaget. Det har blitt gjennomført skitur til Bakkanosi, Isfiskedag i Aurlandsfjella, fottur frå Ljosandbotn til Fyre og Bakketrimmen med 12 turposter i Aurland kommune.

Balestrand og Høyanger turlag

Skipa: 2008

Tal medlemmar: 237

Kilometer merka stiar: 128

Hytter: 0

Tal sengeplassar: 0

Tal dugnadstimar: 280

Glimt frå 2024: Turane til Hest, Sognefjorden Panorama og Trollebotnsheia rundt vart arrangert, medan vëret sette stoggar for ein del planlagde turar. Skilt og merking er sett opp i Måren og omegn. Jobbar med oppgradering av sommarstien opp til Grimsosen (gamal kløvsti) og vidare til Toppennytta og Nonsfjellet.



Frå turen Sognefjord Panorama. Her er gjengen på Blåfjellet.

Flora turlag

Skipa: 1976

Tal medlemmar 2024: 906

Hytter: 4 - Gjeugnabu, Blåbrebu, Kinn og Børabu

Tal sengeplassar: 36

Kilometer merka stiar: 44

Tal dugnadstimar: 4436

Glimt frå 2024: Klassikarane Øyane over og Alden samla mange turglade. Det same gjorde «Kom deg ut dagen» som samla hundrevis. Tur&Kultur held fram med kystnære turar med kulturinnslag, og Barnas Turlag veks. Trimpoeng engasjerte, medan padlegruppa skapte minnerike opplevingar.



I februar haldt Signe Nordvik og Trygve Nybø to nærturleiarkurs. Det gav mange nye turleiarar!

Indre Nordfjord turlag

Skipa: 1977

Tal medlemmar: 576

Hytter: 1 - Vetledalsseter

Tal sengeplassar: 6

Kilometer merka stiar: 65

Tal dugnadstimar: 4544



På tur til Vetvik i Bremanger i nydeleg mai-vêr.

Glimt frå 2024: Turlaget

har hatt mange arrangement/turar/prosjekt i 2024. Dei største prosjekta har vore restaurering av INT-hytta på Vetledalssetra og prosjektet På tur i Oppstryn. Også i år fekk turlaget til eit arrangement i samarbeid med Flyktingtenesta i Stryn Kommune, denne gongen med besøk til Nasjonalparksenteret og grilling/bading/kano – og testing av Sup-brett. Midtsommars kom stortingspresidenten Masud Gharahkhani på vitjing og saman med mange frå Gå-laget fekk ein gjennomført ein nærtur i område etter ynskje.

Indre Sunnfjord turlag

Skipa: 1971

Tal medlemmar: 1821

Hytter: 3 - Massbu,
Longevasshytta, Nipebu

Tal sengeplassar: 30

Kilometer merka stiar: 223

Tal dugnadstimar: 4 500



Glimt frå 2024:

Konsert i fjellheimen, her frå Spelemannsmyra i Oldeskaret.

Indre Sunnfjord Turlag har hatt eit aktivt år med totalt 103 arrangement og 3765 deltakarar. Trass i vêrutfordringar, heldt deltakinga seg stabil med ein liten auke frå 2023. Eit av dei store høgdepunkta var festivalturen gjennom Oldeskaret med Margreth Olin, der 100 deltakarar fekk ei unik naturoppleving. Fullføring og opning av det omfattande stiprosjektet på Nordheia var også ein milepæl, markert med offisiell snorkliping i oktober. Kompetanseheving og samarbeid stod sentralt i 2024. IST hadde fleire kurs for tur- og aktivitetsleiarar, og turleiarsamlingar med fokus på tryggleik og planlegging. Samarbeid med kommunar og andre aktørar som Førdefestivalen, NFU og Sunnfjord U40 er vidareført.

Keipen turlag

Skipa: 1990

Tal medlemmar: 279

Hytter: 3 – Martinbu, Knekkevasshytta, Moldahytta

Tal sengeplassar: 22

Kilometer merka stiar: 92

Tal dugnadstimar: 3530

Glimt frå 2024: Stor aktivitet på alle plan i laget, der 50 saker vart handsama på 6 styremøte. Gjenbruksdag i Svelgen samfunnshus, Opptur 8. klassen familiedag på Elkem, dugnad på Knekkevasshytta, merkedugnad frå Davik til Troda samla mange. Barnas turlag har hatt stor aktivitet og godt oppmøte på arrangementa. Camp Molda vert trekt fram som ein svært vellukka friluftskamp med heile 28 deltakarar. Fjelltrimmen i Svelgen lokkar også mange ut på tur, 6892 besøk på 10 postar i 2024.



Turen til Keipen 1362 moh. vart gjennomført første dagen i mai.

Luster turlag

Skipa: 1971

Tal medlemmar: 594

Hytter: 4 – Austerdalshytta, Fivla, Fuglesteg, Tungestølen

Tal sengeplassar: 92

Kilometer merka stiar: 22

Tal dugnadstimar: 3238

Glimt frå 2024: Turlaget er organisert med følgjande grupper; Barnas Turlag, DNT Ung Luster, kajakkar og kajaknauset, Fivla Turisthytte, Fuglesteg Turisthytte, Tungestølen Turisthytte og Dagsturhytta Eikjabu. I tillegg Friluftsliv tilrettelagt for utviklingshemma (FTU), dette tilbodet er eit samarbeid mellom Luster frivilligsentral, NFU Luster lokallag og Luster turlag. Det har vore gjennomført 8 styremøte, med til saman 79 saker. Det nyoppstarta Gålag og FTU som har gjennomført mange turar med godt oppmøte. Barnas Turlag og DNT Ung har hatt betydeleg mindre aktivitet dei siste åra, men har framleis gode deltakartal på arrangement som Kom deg ut-dagen og Opptur.



Det var sol og god stemning då Barnas Turlag hadde klatredag på Krukla i midten av mai.

Lærdal turlag

Skipa: 1990

Tal medlemmar: 176

Hytter: 1 – Mjølkeflathytta

Tal sengeplassar: 0

Kilometer merka stiar: 150

Tal dugnadstimar: 994

Glimt frå 2024: Har hatt 9 styremøte med handsaming av 78 saker. Bakketrimmen, Stølstrimmen og turpostar er med på å få folk ut på tur. Samla vart det regiustert 9 396 besøk. Barnas Turlag har hatt fleire arrangement som disco- og pølsefest på skøyteisen og Lommelykttur til dagsturhytta. Medlemsturen, frå Kvevotni til Lungsdalshytta, var 25 med på.



OPPTUR for 8. klasse ved Lærdalsøyri skule vart arrangert på Kongevegen mellom Rimskjold og Selthunbru.

Midtre Nordfjord turlag

Skipa: 2005

Tal medlemmar: 953

Hytter: 0

Tal sengeplassar: 0

Kilometer merka stiar: 310

Dugnadstimar: 3205

Glimt frå 2024: Styret har handsama 48 saker fordelt på 6 styremøte. Har hatt stor aktivitet med både korte og lengre turar. Arrangerte ung-camp i Trivselsskogen på Sandane i juni. Flott arrangement for ungdom i alderen 13-15 år. Ekstra kjekt at campleiarane var rekrutterte gjennom prosjektet «Unge naturjenter». Midtveketurane har hatt eit variert turprogram, og på eine turen var det deltakrar som er her som flyktningar.



DNT ung-camp på Sandane i juni.

Sogndal turlag

Skipa: 1976

Tal medlemmar: 1150

Hytter: 3- Grøssete, Kollsetestølen og Kjørrdalsselet

Tal sengeplassar: 14

Kilometer merka stiar: 115

Tal dugnadstimar: 2061

Glimt frå 2024: 8 styremøter vart gjennomført med 33 vedtakssaker og 26 orienteringssaker. Ny organisasjonssekretær, Gry Thyrrestrup, starta i desember 2023. Arbeidet med restaurering av selet, rydding av stølsvollen og tilrettelegging for drift av Kjørrdalsselet- som ubetent DNT hytte- har samla stor dugnadsinnsats.



Fredag 24.mai var ein stor dag for Sogndal Turlag. Kjørrdalsselet vart høgtideleg opna av generalsekretær Dag Terje Solvang i Den Norske Turistforening.

Vik turlag

Skipa: 2001

Tal medlemmar: 210

Hytter: 3 – Målsethytta, Jashaugbu, Sylvarnes

Tal sengeplassar: 44

Kilometer merka stiar: 66

Tal dugnadstimar: 1874

Glimt frå 2024: Vik Turlag har auka medlemstal, og registrerer at den kjem i aldersgruppa 0-13 år noko som igjen speglar den gode jobben som har vore gjort i Barnas Turlag. Det blei halde totalt 9 styremøte i 2024. Det vart arrangert to KDU-dagar med stor deltaking. På Målsethytta er det utført mykje arbeid på dugnad. Standarden er etter kvart nokså god, dette gjev seg utslag i auka besøk.



BT er kreative og ivrige, her frå Kveldsmat-tur i Tenoldsmarki.

Ytre Nordfjord turlag

Skipa: 1985

Tal medlemmar: 279

Hytter: 2 Kråkenes fyr, Skongenes Fyr

Tal sengeplassar: 33

Kilometer merka stiar: 40

Tal dugnadstimar: 3993

Glimt frå 2024: Styret har hatt 5 styremøte i løpet av turåret. Turlaget har stort fokus på fyra dei driftar. Kråkenes fyr har fått stor merksemd med turisme, overnatting, kafedrift og arrangement. Skongsneset har ein eigen gjeng som har tilsyn. Det er planlagt diverse utbedringer her på sikt. Det har vore stor aktivitet i Barnas Turlag Selje og Stadlandet, med engasjerte leiarar. Barnas Turlag Vågsøy var i 2024 utan leiarar, men håpet er å finne nye.



Vintertrimmen er populær og hadde over 2 000 innsjekkingar.

Ytre Sogn turlag

Skipa: 1985

Tal medlemmar: 237

Hytter: 1- Råkeneset

Tal sengeplassar: 8

Kilometer merka stiar: 16

Tal dugnadstimar: 1347 timar

Glimt frå 2024: Turlaget yst i Sogn har god aktivitet, og har tre Barnas Turlag i sine rekker, høvesvis Hyllestad, Solund og

Gulen. Eitt av høgdepunkta for YST var i slutten av juni, då Austgulstølsvegen vart opna. Over 100 var med på den offisielle opninga i Austgulen, medan over 70 tok turen til Austgulstølen. Ytre Sogn Turlag er også hyttedrivar for Råkeneset, som er DNT si vestlegaste hytte. Råkeneset er verna av Riksantikvaren, og det krevst varsam bruk av området rundt samt på sjølve hytta. **YTRE SOGN TURLAG:**



Frå opninga av Austgulstølsvegen.

Årdal turlag

Skipa: 1973

Tal medlemmar: 402

Hytter: 1 - Gravdalen

Tal sengeplassar: 12

Kilometer merka stiar: 185

Tal dugnadstimar: 1 561



I august gjennomførte turlaget ei dugnadsøkt på ruta frå Holsbru via Engesete til Åsenosi. Her er dugnadsgjengen ved varden på Åsenosi.

Glimt frå 2024: Årdal Turlag

arrangerer trygge turar med kvalifiserte leiurar og bidreg til folkehelse og livsmeistring. Støls- og topptrimmen 2021-24 vart avslutta i oktober, og nye turmål for 2025-28 kjem til våren. Barnas Turlag byr på «Turbotrim og familietoppar». Dugnadsgjengen har merka og rydda stiar, og året har vore prega av varierte aktivitetar, inkludert kanopadling og feiring av Vettisfossens 100-årsjubileum.

STATISTIKK

TAL MEDLEMER, TURAR/ARRANGEMENT OG DELTAKARAR 2024

Lokalt turlag	Tal medlem 2024	Turar/arr 2024	Turdeltakar 2024	Tal medlem 2023	Turar/arr 2023	Turdeltakar 2023
Ytre Nordfjord Turlag	279	13	665	311	11	327
Midtre Nordfjord Turlag	953	42	758	988	39	1736
Indre Nordfjord Turlag	576	46	570	540	47	792
Indre Sunnfjord Turlag	1821	103	3765	1849	106	3584
Flora Turlag	906	90	1987	895	112	870
Keipen Turlag	279	19	686	306	22	1063
Sogndal Turlag	1150	58	1900	1174	57	2038
Luster Turlag	594	30	1014	595	36	983
Lærdal Turlag	176	18	367	180	22	528
Vik Turlag	210	31	686	197	32	672
Årdal Turlag	402	107	1753	384	53	1446
Ytre Sogn Turlag	237	19	806	231	23	986
Balestrand og Høyanger Turlag	237	4	44	249	6	120
Aurland Turlag	168	24	360	141	26	354
DNT Sogn og Fjordane		24	306		8	107
Sum	7989	628	15667	8040	600	15606

*Teljedato for medlemstal blei i 2024 endra. Den er no 31.08, har tidlegare vore 31.10.

TAL PERSONAR MED TURLEIARUTDANNING pr 2024

Lokalt turlag	Ambassadør/ Nærturleiar	Grunnleggande turleiar	Sommar- turleiar	Vinter- turleiar	Kurshaldar
Ytre Nordfjord Turlag	3	5			
Midtre Nordfjord Turlag	45	14	4	3	
Indre Nordfjord Turlag	26	15	4		
Indre Sunnfjord Turlag	37	45	22	11	2
Flora Turlag	60	28	7	1	
Keipen Turlag	15	16	3		1
Sogndal Turlag	6	10	3		
Luster Turlag	13	18			
Lærdal Turlag	3	3			
Vik Turlag	11	12	2		
Årdal Turlag	13	15	2	1	1
Ytre Sogn Turlag	35	31	1		
Balestrand og Høyanger Turlag	15	16			
Aurland Turlag	3	4			
Sum	285	232	48	16	4

Talet kan vike frå lokallaget si eiga oversikt. I 2023 mista vi turleiarregisteret i sherpa og har sidan halde listene ved like manuelt. Dette kan medføre at dersom kurs er tatt utanfor DNT SFJ regi har vi ikkje fått det med oss. Nytt kompetanseregister vert innrullert og teke i bruk i 2025.

HYTTESTATISTIKK 2024

Hyttenamn	Lag	Type	Senger	Overnatting		Dagsbesøk	
				2024	2023	2024	2023
Blåbrebu	FT	U	14+hems	58	65	9	9
Børabu	FT	U	6	34	2	4	52
Gjegnabu	FT	U	6	121	53	25	53
Kinn	FT	U	9 + madr	550	412	167	129
Longevasshytta	IST	S	11+hems, sofa, bod	261	246	43	18
Massbu	IST	U	6	74	78	7	21
Nipebu	IST	S	10+hems,sofa,bod	378	295	13	
Fivla	LuT	U	24+madr	314	387	-	
Fuglesteg	LuT	U	31+madr	550	300	5000	4000
Tungestølen Turisthytte	LuT	B	25	1323	792	-	
Austerdalshytta	LuT	U	12	110	30	-	
Grøssete	ST	U	4+sofa	239	89	-	
Kollsetestølen	ST	U	8	253	139	-	
Kjørrdalsselet (NY!)	ST	U	2	105	-	-	-
Råkeneset	YST	U	8+madr	130	131	-	
Gravdal	ÅT	U	12	132	120	40	25
Skongenes	YNT	U	18+madr	429	400	-	
Kråkenes Fyr	YNT	U	15	1316	585	-	
Målsethytta	VT	U	30	731	451	166	
Jashaugbu	VT	U	4+hems	90	78	-	
Sylvarnes	VT	U	9+madr	119	126	74	
Vetledalseter	INT	S	6+madr	122	89	126	110
Moldahytta	KT	U	8	37	22	24	22
Knekkevasshytta	KT	U	12	96	47	62	76
Totalt			283	7572	4937	5760	4515

* Det er få lokallag som registrerer dagsbesøk tilstrekkeleg, hyttene vert nok mykje brukt som turmål i seg sjølv utan at det vert registrert.

* I tillegg til DNT-hyttene med overnatting har fleire lokallag ansvar for nødbuer, gapahukar og dagsturhytter.

Vi takkar våre partnerar for godt samarbeid i 2024!



DNT Sogn og Fjordane samarbeider godt med Vestland Fylkeskommune, og har hatt jamnlege møter gjennom året knytt til budsjett og søknader. Fylkeskommunen har i 2024 løyvd kr 540.000 som grunnfinansiering til foreininga vår. Midlane vi får frå Vestland Fylkeskommune er svært viktige for at DNT Sogn og Fjordane kan oppretthalde vår drift og dermed støtte opp under friluftslivet og frivilligheita i vår organisasjon. DNT Sogn og Fjordane har ein slank og effektiv organisasjonsmodell, som medverkar til at all aktivitet i lokale turlag i vårt nedslagsfelt er driven av frivillige med ei sterk dugnadsand.



Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er ein god samarbeidspart for DNT Sogn og Fjordane, og er på vårt lag for å støtte det frivillige friluftslivet i vår region. Sparebankstiftinga sitt mål med gåvemidlane er at dei skal gå til prosjekt i det området som overskotet i Sparebanken er skapt: I Sogn og Fjordane. Vi mottok i 2024 kr 600 000 i gåvemidlar, som DNT Sogn og Fjordane igjen fordeler til lokale turlag etter søknad. Dette er ein effektiv, nyttig og målretta ordning for våre lokale turlag. Med denne søknadsbaserte interne tilskotsordninga ser vi at mange gode prosjekt lokalt vert realisert til glede for lokalsamfunna, og løyser dessutan ut midlar frå andre bidragsytarar. I 2024 starta DNT Sogn og Fjordane opp det fireårige prosjektet «Eg gjekk ein tur på stien», støtta av Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.



DNT SF takkar FNF for det gode samarbeidet vi har hatt i 2024. Vi jobbar saman for vern av natur, og mot nedbygging av natur. Vi deltek også saman i styringsgruppa for Friluftsliv for barn og unge, sjå avsnitt over.

Det er Ket Fossen som er tilsett som koordinator for FNF i Sogn og Fjordane, og vårt Naturvernutval er med i FNF sitt styre. FNF er vår røyst ut i naturvernsaker, og vi er glade for det gode arbeidet som FNF lokalt gjer for oss i dei tilslutta organisasjonane.

Samarbeidsprosjekt andre frilufsorganisasjonar:

Friluftsliv barn og unge i Sogn og Fjordane er eit samarbeidsprosjekt mellom frilufsorganisasjonane i vår region for å få til ei betre/samla oversikt på frilufsaktivitetar i kvar kommune. Prosjektet er initiert

av Bjarne og Håkon Huseklepp i Sogn og Fjordane Jeger og Fisk. I styringsgruppa for prosjektet sit Hege Mundal på vegne av DNT Sogn og Fjordane ilag med FNF, KFUK/KFUM og SFJ Jeger og Fisk. Prosjekt friluftsliv for barn og unge blei avslutta 31.12.2024 på grunn av mangel på prosjektmidlar.

DNT Sogn og Fjordane samarbeider også med Røde Kors, Frivilligsentralar, BUA, Friluftsråd og andre frivillige organisasjonar.

Samarbeidsavtalar næringsliv og kultur:



I oktober 2021 fornya vi rabattavtalen med Chatlet, som DNT Sogn og Fjordane har hatt i ei årrekke. Chatlet har butikkar på Sandane, Nordfjordeid og i Førde. Alle medlemmer i DNT Sogn og Fjordane/lokallag får 15 % rabatt på sports- og friluftsutstyr (ikkje elektronikk). Medlemmer som vil nytte rabatt må vise til gyldig medlemskap, dette finn du på *min side* på dnt.no.



DNT Sogn og Fjordane har, i samarbeid med Indre Sunnfjord Turlag, inngått avtale med Førdefestivalen for 2024. Avtalen omhandlar mellom anna gjensidig marknadsføring og profilering under arrangementet og på nettsider, samt dugnad og turleiing i festivalperioden. DNT på nasjonalt nivå har eigen avtale med festivalen.

ØKONOMI

Vi viser til rekneskap og budsjett. Styret finn at føresetnad for framleis drift er til stades. Rekneskapen er handtert av DNT Økonomiringen, som utarbeider årsrekneskap med notar til årsmøte. Revisjon er utført av intern revisor vald på DNT SF årsmøte 2024, Knut Furu Strømmen.

DNT Sogn og Fjordane vil takke alle frivillige som bidreg til friluftsliv og naturopplevingar for andre. DNT SF takkar samarbeidspartnarar, næringsliv, kommunar og Vestland Fylkeskommune samt lokallaga og DNT for godt samarbeid i 2024.

Styremøte 26. februar 2025

Styret i DNT Sogn og Fjordane

Siv M. Stadheim, Trond Øyen Einemo, Karen Weichert, Bente Sunde og Jarle Aarvoll.